

Fra: Inger Lena Gåsemyr (Inger.Lena.Gasemyr@hfk.no)

Sendt: 19.07.2018 15:27:18

Til: 'Gro Jensen Gjerde'; 'firmapost@samarbeidsraadet-sunnhordland.no'; 'post@hardangerraadet.no'; Kommunane i Hordaland - Alle; 'post@nordhordland.net'; 'post@regionradetvest.no'; 'Solbakken, Anita'

Kopi: 'Atle Ove Martinussen'; 'randi.bartvedt@hvm.museum.no'; 'admin@baroniet.no'; 'Marianne L Nielsen'; 'Sigurd Sandmo'; 'director@kodebergen.no'; 'Stig Stark-Johansen'; 'Per Kristian Sebak'; 'director@kodebergen.no'; 'Geir Netland'; 'hp@sunnhordland.museum.no'; 'Signe Ekeland'; 'Kulturdepartementet'; 'post@kulturradet.no'; 'postmottak@ra.no'; David J Aasen Sandved

Emne: Tilskotsordninga Museumsløft - Hordaland fylkeskommune - søknadsfrist 20. august 2018

Vedlegg: image001.jpg

Hei,

Tilskotsordninga «Museumsløft», med søknadsfrist 20. august 2018, skal styrke dei konsoliderte musea og vidareutvikle gjeldande satsingar frå Regional plan for museum 2011-2015.

I år kan kommunar og regionråd, i tillegg til dei konsoliderte musea, søkje midlar til tiltak som kan styrke samhandlinga mellom musea, kommunane og det frivillige. For meir informasjon om tilskotsordninga, sjå <https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kulturminnevern-og-museum/museumsloft-2016/>

Dette er ein del av oppfølginga av rapporten «Evaluering av museumsreforma i Hordaland» handsama i Fylkestinget 03.10.2017, PS 89/2017, som mellom anna omhandlar kva dei ti konsoliderte musea i Hordaland får i offentlege tilskot frå stat, fylke og kommune. Eitt av måla med museumsreforma var å betre økonomien til musea og auke offentlege tilskot. Det er variasjon i kor stor grad dei enkelte musea har oppnådd museumsreforma si økonomiske målsetting. Dei konsoliderte musea i Hordaland ligg lågare enn resten av landet når det gjeld tildeling av statlege tilskot. Det må difor gjerast eit løft for å få auke det statlege tilskotet til dei konsoliderte musea i Hordaland. Det må òg gjerast eit arbeid for å auke det kommunale tilskotet og synleggjere dei konsoliderte musea si rolle i samfunnet, særleg knytt til arbeid opp mot kommunane og sivilsamfunnet i Hordaland.

Viser elles til saksframlegget *Museumsreforma i Hordaland - dei konsoliderte musea - offentlege kommunale tilskot - fordeling stat, fylke, kommune* med saksprotokoll, handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling, PS 57/2018, 24.04.2018, og i Fylkesutvalet, PS 105/2018 03.05.2018,

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=812>

Viser og til saksframlegget *Statlege tilskot til dei konsoliderte musea i Hordaland* med saksprotokoll handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling, PS 57/18, 24.04.2018, og i Fylkesutvalet, PS 140/2018 31.05.2018, <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?MeetingId=813>

Ta gjerne kontakt med underteikna dersom dykk har spørsmål om tilskotsordninga eller elektronisk søknadsskjema.

Helsing

Inger Lena Gåsemyr

Fagkoordinator - Museum og utvikling

Fylkeskonservatoren | Kultur- og idrettsavdelinga



Tlf: 96944536 | www.hordaland.no